



**NSG**  
Norsk Sau og Geit

# Referat

## Leiarmøte for "Sau og Geit"

**Tidspunkt: 22. – 24. Oktober 2010**

**Stad: Per`s Hotell Gol**

**Tal deltakarar : 21**

### Fredag 22.Oktober

Vi reiste med felles buss som Halvar hadde leigd inn. Det vart stopp i Aurland på jord og hagebruksskulen. Her fekk vi orientering om kva dei driv med her og planane om geitesenter. Vi fekk servert økologisk mat på skulen. Turen gjekk vidare over fjellet til Gol der vi budde på Per`s hotell. Johannes Nedrebø orienterte om aktuelt frå Nortura på bussen. Her var vi innom markedssituasjonen, slaktesesongen på Førdeanlegget og andre aktuelle saker frå Nortura. Fredagskvelden var vi samla til ei orientering på hotellet med Per Liahagen som fortalde om Gol, erfaringar omkring radiobjølla og opplegget for lørdagen.

### Lørdag 23.Oktober

Lørdagen var sett av til slakteribesøk og gardsbesøk:

- Vi starta dagen med besøk på Nortura Gol der vi fekk orientering om klipperiggen v/fabrikksjef Ingrid Hillestad Medhus.
- Aslak Geir Skurdal, Skurdalen som hadde 250 vinterføra sau i Kaldthus m/Islandskasser og Komposittgolv.
- Robert Søndrol, Hol som hadde 250 vinterføra sau i Kaldthus m/lange førbrett, 4 rekker, stålinnredning og strekkmetallgolv. Hengande kuttar og drikkevatn med sirkulasjospumpe.
- Jon Lilleslett, Hovet som hadde 300 vinterføra sau i Kaldthus m/lange førbrett, utføring med rundballkuttar i hengebane, og tallegolv foreløpig. Vurderer å bygge om slik at han legge inn rister. Han hadde kjøpt garden på det frie markedet.
- Liv Jorun og Otto T. Øvrejorde, Hovet. Har Geitefjøs m/De Laval mjølkestall og strekkmetallgolv. Har også sau i denne isolerte fjøsen. 100 geiter og 50 vinterføra sauer.

Vi stoppa på Lia Pensjonat og fekk servering av ein framifrå lunsj som var sponsa av Felleskjøpet Agri ved Dag Arne Helle som var med på turen.

I løpet av desse dagane fekk vi vere med på ein godt planlagt og organisert tur med opplagde gardsbesøk i Hallingdal og omvisning på slakteriet på Gol der vi fekk sjå klipperiggen. Per Liahagen var med som lokal guide.

## Søndag 24. Oktober

### **Strategi for reduksjon av tap på utmarksbeite – Forslag til arbeidsplan.**

Med bakgrunn i at 7 % av lamma (ca 8000 dyr) vart meldt tapt på utmarksbeite, vil Fylkesmannen sette i gong eit avdelingsprosjekt med Framtidsretta beitebruk der ein må ha som mål at alle beitelag skal ha under 10% tap av lam på utmarksbeite i 2013. Tapsårsakene er mange, men her kan ligge feilkjelder i tala som ikkje bør stå under tapsårsaker. Det ligg mange utfordringar her:

- Flått
- Alveld
- Mangelsjukdomar
- Rovdyr
- Snyltarar
- Vårbeite
- Avl
- Tilsyn

Det vert utarbeid ein plan som ein prøver å følge opp. Det vert lagd til møter der det vert informert om beitelaga si rolle i å få redusert tapet.

Innspell til arbeidsgruppa:

- Vi må ha fokus på alle mogelege tapsårsaker, ikkje fokusere einsidig på rovdyr.
- Mange slepper dyra for tidleg
- Beitetidspunkt, tilsyn, sanketidspunkt
- 10 % tap som mål er gjerne ikkje så ambisiøst.

**Konklusjon : Forslag om å kjøre planen slik den ligg føre.**

### **Geit i Vekst**

Ola Søgnesand orienterte om Geitemjølksprosjektet han har jobba med frå 1/1 –2007 til 1/7-2010 og at prosjektet er forlenga med 4 nye år der Ola tilsett som prosjektleiar fast i Tine. Prosjektet har som mål å oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Ola orienterte om delmål, arbeidsoppgåver i prosjektet der ein skal motivere og informere om mogelegheiter. Prosjektleiar skal være eit kontaktpunkt som medvirker til positiv tenking.

Informere om :

- Bygningsløysingar, innredning.
- Bygningsplanlegging
- Kjekjøttproduksjon
- Sjukdomssanering

Ein er komt langt med sjukdomssanering men framleis står mange att. Frist for påmelding for sanering er i løpet av 2011 for å få støtte. Frist for sanering er ut 2013.

## Aktuelt frå Tine

Helga Kvamsås orienterte om Strategiplan geit 2006 – 2010. Kvaliteten på geitemelka er forbetra i frå 2006 –2009. Mottatt geitemelk i Tine ligg om lag på same nivå desse åra. Kvalitetsreglane skal reviderast til hausten. Ein ynskjer å ta vare på det norske særpreget i geitehaldet. Ein skal viare satse på rådgjeving for føring av geit. Ho orienterte om eksport av geitemelkprodukt som snøfrisk (fast og krem).

Har no fått mandat for å lage eit nytt utkast til strategi for geit for perioden fram til 2013. Strategien skal ivareta heile verdikjeden. Utfordringane for geitemelk i Tine framover går på:

- Kvalitet
- Betre anvendelse av proteiner (kasein)
- Marknad
- Politiske rammevilkår

Totalt vart det produsert 19 117 000 liter geitemelk i 2009.

Ho snakka om kvalitetsbetaling for geitemelk, evaluering og revidering av regelverk. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med kvalitetsbetaling i Tine.

Orienterte om ulike osteproduksjonar og kvar dei vert produsert i dag i Norge:

- Haukeli: Frozen Curd og Chevre
- Ørsta: Snøfrisk kvit geitost
- Storsteinnes: Balsfjordost, både blandings og rein geitost. Som sorteres på grunnlag av smaksavvik.

Eksportmarkedet er krevjande, ein bør innføre ei ekstra premiering av melk med særdeles lågt syretal.

Innspel til Helga sitt innlegg:

- (Sigurd Vikesland) Ein del produsentar reagerer på dei nye kvalitetskrava som kom litt brått på. Her er det viktig å informere godt og få god rådgjeving på korleis ein skal føre. Ulike måtar å løyse dette på med mengde kraftfôr osv.
- (Dag Arne Helle, FK) Vi har alle utfordringar med å utvikle blant anna kraftfôr med innhald som kan påhjelpe å stette desse krava.
- (Ola Søgnesand) Tiltak med prising som stimuli er viktig for å sleppe å sortere i mjølkekvalitetar. Ein del bønder må også skjerpe seg her. Syte for å få rådgjeving slik at ein kan tilfredstille krava. Dette er fullt mogeleg gjennom føring og avl.

Helga poengterte til slutt at mange aukar melkekvote sine og må også være klar over utfordringa med å oppretthalde tilfredsstillande kvalitet.

## Lokallaga sin time

Eli Berge Ness orienterte om:

- Samling for nye småfehaldarar der det er 21 påmelde.
- Grupperådgevingsprosjekt med veterinær ( Fjøsbesøk) Ynskjer å prøve dette ut i Jølster og Sogndal. FMLA er med å støttar prosjektet. Dette er eit prøveprosjekt der ein ynskjer å ha med 6 bønder + veterinær. 1 time i fjøset + 2 timar inne.
- Det har vore gode tilbakemeldingar frå geitedagane.

Erling Offerdal orienterte om:

- Jervesaka i Stryn. Her vert oppretta støttekonto i fylkeslaget der ein oppfordrar lokallaga til støtte. (Gjeld bot på 20000 kroner + 15000 kroner i saksomkostningar)
- Erstatningssaker. Er nokon blitt behandla dårleg med erstatning, ta kontakt med fylkeslaget. Det er viktig å gå tenesteveg via lokallag og fylkeslag. Gjeld med 3 års tilbakevirkning.

Ragnhild Sæle, kasserar oppfordra om:

- Å få oppdatert adresselister til lokallagsleiarar.
- Konto til spesielle tiltak, overskot vert sett inn på Fond.
- Å få inn alle reisrekningar/krav så snart som mogeleg.

Halvar Espeseth

- Vi må vurdere leiarsamlingas form med omsyn til lengde og kostnad.

Ola Søgnesand

- Finansieringa av Geit i Veskt. Rosar fylkeslaget i Sau og geit for å inkludere geitehaldarar.

Halvar Espeseth

- Vi har vore opptekne av begge leirar både Sau og Geit.

Johannes Nedrebø, Nortura.

- Takka for å få være med på leiarsamlinga. Oppfordra til å bli invitert til fagmøter der han kan bidra med faglege tema. Orienterte om den planlagde fagsamlinga i januar på Skei Hotell.

Dag Arne Helle, Felleskjøpet Agri

- Takka for å få være med på leiarsamlinga. Oppfordrar bøndene om felles innkjøp og strategi for kjøp av kraftfôr.

Halvar Espeseth avslutta leiarsamlinga med å takke Felleskjøpet for sponning og poengterte viktigheita i at vi har Fylkesmannen med oss. Dei gjer ein god jobb og samarbeider gjerne.

**Deretter reiste vi heim att til Sogn og Fjordane og var vel fornøgde med ein flott tur !**